

NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET

REFERAT FRÅ MØTE I RETTSKRIVINGSNEMNDA 9. NOVEMBER 2010

Til stades: Grete Riise, Unn Røyneland, Åse Wetås, Karin Magnetun, Svend Arne Vee, , Tore Elias Hoel, Marit Hovdenak og Aud Søyland

Forfall: Ragnhild Bjørge

1 GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT, SAKLISTE OG TIDSPLAN

Innkalling, referat, framlegg til sakliste og tidsplan vart godkjende.

II. SIDAN SIST

Møte:

Sidan sist me var samla, har Grete Riise og Aud Søyland hatt møte med tekstekontoret i NRK og med omsetjar Tove Bakke, på vegner av Norsk Oversetterforening.

Grete Riise innleidde om arbeidet vårt for landsrådet i Noregs Mållag 24.10.10.

Aud Søyland var til stades på pressekonferansen der Nynorsk pressekontor lanserte handboka *NPK-språket*. Alle i nemnda har fått kvar sitt eksemplar.

Unn Røyneland har vore i Ulstein Mållag og halde foredrag om dialektutvikling, og sa då litt om arbeidet vårt.

Innlegg:

- På Nynorsk 2011 har nemnda lagt ut eitt innlegg om samsvarsbøying og eitt om *de/dykk* sidan sist møte.
- Karin Magnetun og Tore Elias Hoel har sendt eit innlegg til nettsidene til Utdanningsforbundet og Skolenes landsforbund.
- Grete Riise har skrive innlegg til *riss* ved NTNU og til Aftenposten.
- Grete Riise har vorte intervjua av NRK Møre og Romsdal og av Nynorsk pressekontor.
- Det er stort oppslag med Grete Riise i Klassekampen i dag.

Tilgang til eksamensvar frå vidaregåande skular

Språkrådet har kontakta advokat Kristine Madsen for å be om ei vurdering av dei juridiske sidene ved å få tilgang til eksamensvar frå vidaregåande skular, for å sjå på bruk av former i nynorske tekstar. Kristine Madsen var til stades i møtet og orienterte om det ho har kome fram til når det gjeld bruk av elevtekstar. Ho sa at opphavspersonen har einderett på verksframstilling, men enkeltord har ikkje "verkshøgd". Personvern er rydda unna sidan tekstane er anonyme. Det må liggja innanfor skulens og statens autonomi reint forvaltningsrettsleg å kunna gi løyve til å bruka tekstar på den måten.

Dersom dette materialet derimot skal kunna bli tilgjengeleg for Tekstkorpuset til Norsk Ordbok, trengst det ei godkjenning, truleg ved at ein hentar inn løyve frå kvar enkelt elev. Opphavsrett er aldri overdrengen i større grad enn det som eksplisitt er avtala. Det å vurdera tekst til konkurranseformål som kjem studentane til gode, er allment akseptert. Det å oppretta tekstbasar med alle oppgåvene, både gode og dårlige, krev samtykke.

Skal ein henta inn løyve, bør det helst gjerast i god tid før eksamen, og ikkje i noko som kan kallast ein stressituasjon.

Opphavsrett er eit svært aktuelt spørsmål som for tida blir utgreidd på fleire område. Utanningsdirektoratet har truleg hatt det lange perspektivet i tankane, og vil ikkje gjea noko som kan få uheldige konsekvensar. Derfor er det viktig at me gje det klart for direktoratet kva me skal bruka tekstane til.

Nemnda ber Madsen ringja til Utdanningsdirektoratet for å drøfta om ikkje tilgang til materialet hjå Fylkesmannen i Hordaland utan eksemplarframstilling kan aksepterast.

Dersom me får tilgang, ser Aud på det materialet og ser om det er mogleg å danna seg eit inntrykk av kva former dei unge helst bruker. Dersom det let seg gjera utan at det blir altfor tidkrevjande, ber me om tilgang til tilsvarande materiale hjå ein fylkesmann i det austnorske området.

III. AKTUELLE OPPGÅVER

- 1) Møte i fagråd 2 og fagråd 3:
Det er møte i fagråd 2 og fagråd 3 den 11. november. Grete Riise og Aud Søyland møter i begge fagråda. Unn Røyneland blir òg med i fagråd 3.
- 2) Styremøte 15. desember?
Dersom eit nytt styre er på plass og det blir styremøte i desember, møter Grete Riise for nemnda. Departementet arbeider no med eit nytt styre, og det er håp om at det blir eit møte i det nye styret i desember.
- 3) Bergens Tidende er interessert i ein artikkel frå nemnda. Det står på lista over det som må gjerast med det fyrste.

IV. HØYRINGSMØTET 21.2.2011

Sekretariatet er orientert om opplegget som nemnda planla i sist møte. Nemnda ber sekretariatet overta arbeidet med den praktiske tilrettelegginga.

V. PERSONLEGE PRONOMEN I ANDRE PERSON FLEIRTAL

Det er to sider ved denne saka som nemnda må ta stilling til:

- Skal me fjerne skiljet mellom subjekts- og objektsforma?
- Skal me endra objektsforma?

På Nynorsk 2011 inviterte nemnda folk til å koma med synspunkt, og sette opp desse tre alternativa:

1. Halda på *de/dykk* som eineformer, slik det er no:
("Slo de dykk?")
2. Halda på *de/dykk*, men innføra ei ny sidestilt form utan opposisjon. Denne forma kan vera dagens objektsform: *dykk/dykk*:
("Slo de dykk?" ved sida av "Slo dykk dykk?")
3. Halda på *de/dykk*, men innføra ei ny sidestilt form utan opposisjon (skilnad på subjekts- og objektsform). Denne forma kan vera den utbreidde dialektforma: *dokker/dokker*:
("Slo de dykk?" ved sida av "Slo dokker dokker?")

Frå debatten:

Det går ikkje an å samanlikna andre person fleirtal med fyrste person fleirtal, fordi påverknaden frå skrift gjer at folk flest har klart for seg at *vi* er subjektsform og *oss* objektsform.

Det er problematisk å velja ei ny form *dokker*. Uansett kva form me vel, blir det ei regional form. *Dykk* er rettnok ei form som svært få har i talemålet, men ho har den fordelen at ho er innarbeidd i nynorsk.

Det er ei forenkling for folk flest å måtta sleppa å skilja mellom subjekt og objekt. Samtidig er skriftbiletet *dykk* innarbeidd. Det å innføra ei anna form fører til at det blir meir forvirring.

Framlegg til førebels vedtak:

- 1) I andre person fleirtal av personlege pronomen i nynorsk kan ein bruka *de* som subjektsform og *dykk* som objektsform, eller *dykk* som både subjekts- og objektsform.
- 2) Egedomspronomenet skal framleis heita *dykkar*.

VI. NY GJENNOMGANG AV NORMA

Nemnda ønskjer no å gå gjennom alle vedtak ein gong til. Etter møtet i desember legg me ut referat frå vedtaka i november- og desembermøta. I januarmøtet skal nemnda finpussa argumentasjonen som ligg i det endelige høyringsutkastet. Heile dokumentet blir lagt ut til høyring etter januarmøtet.

Grete Riise spurde om me kan få elektronisk høyring. Marit Hovdenak undersøkjer det.

Aud Søyland refererte.